



Retningslinjer for prioritering av søknader om tilskot
til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)
2026-2030

Stranda kommune

Innhald

1.	Føremål med lokale retningslinjer	3
2.	Kva er tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)?	3
3.	Kven kan søkje?	3
	Andre vilkår eller prioriteringar for tilskot.....	4
4.	Kvar søkjar eg?	4
5.	Om SMIL-midlar i Stranda kommune	4
	Status og utfordringar i landbruket.....	4
	Målsetting for bruk av midlane i Stranda kommune	5
	Behov for midlar	5
6.	Kva kan eg få midlar til?.....	5
	Aktuelle tiltak og prioriteringar i perioden	5
	Rettleiande satsar for eige arbeid	7
7.	Sakshandsaming	8
8.	Korleis får eg utbetalt tilskotet?	8
9.	Kvar finn eg meir informasjon?	8

1. Føremål med lokale retningslinjer

Forvaltninga av tilskot til miljøtiltak i jord- og skogbruk er overført til kommunane. Dette er gjort for å styrke det lokale sjølvstyret og å gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver.

Midlane skal forvaltast i samsvar med forskrifter og tilhøyrande rundskriv frå Landbruksdirektoratet. Kommunen skal likevel fastsetje lokale retningslinjer for prioritering av søknader. Desse retningslinjene skal vere drøfta med dei lokale faglagane i jordbruket og med Statsforvaltaren. Lokale retningslinjer kan ikkje innskrenke eller utvide forskrifta sitt føremål, verkeområde eller vilkår. Retningslinjene skal godkjennast politisk og rullerast kvart valperiode, eller ved behov.

2. Kva er tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)?

Føremålet med SMIL-ordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere ureininga frå jordbruket. Ordninga er regulert av *Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket* (SMIL-forskrifta).

Tilskotet er eit eingongstilskot som kan givast til tiltak som går utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

Døme på tiltak:

- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt
- Kulturlandskapstiltak
- Ureiningstiltak

Der det er behov for varige skjøtselstiltak etter gjennomførte SMIL-tiltak, kan regionalt miljøtilskot (RMP) vere aktuelt. Tiltak knytt til drenering må vurderast etter den eigne ordninga for «Drenering av jordbruksjord».

3. Kven kan søkje?

For å få innvilga SMIL-midlar må det vere jordbruksproduksjon på eigedomen som gir rett til produksjonstilskot.

Søkjar kan vere eigar eller leigetakar av landbrukseigedommen og må oppfylle vilkåra for produksjonstilskot. Søkjar kan vere privatperson eller føretak. For føretak gjeld at dei må vere registrert i Einingsregisteret.

Søkjar må også følgje gjødselbruksforskrifta, inkludert krav til handtering av plantevernmiddel.

Det skal ligge føre kart over jordbruksareala føretaket disponerer, samt areal som elles er relevante for jordbruksdrifta. Kulturminne, biologisk viktige område, erosjonsutsette areal og andre miljøtilhøve skal kartfestast og skildrast. Ved bortleige av areal må søkjar dokumentere at vilkåra er oppfylte.

Andre villkår eller prioriteringar for tilskot

- Tiltak på aktivt drivne landbrukseigedomar blir prioriterte, men tiltak med best miljøeffekt blir prioritert høgast.
- Eigar som ikkje sjølv driv, kan søkje dersom arealet er i drift som gir rett på tilskot.
- Leigetakar kan søkje med eigar si godkjenning.
- Tiltak som er starta eller utførte blir normalt ikkje tilskotsgodkjende.
- Det blir som regel ikkje gitt tilskot til inngjerding eller andre tiltak på fulldyrka jord.
- Etablering av beite i skog og utmark som ikkje kan reknast som gamal kulturmark, fell utanfor SMIL.
- Tiltak som ikkje er direkte knytte til jordbruksproduksjon (t.d. kulturminne) kan få lågare prioritet dersom areala på bruket er leigde ut.
- Kart og dokumentasjon (bilete) skal leggjast ved.
- Tilskotet blir berekna etter godkjent kostnadsoverslag.
- Fristen for gjennomføring er tre år frå tilskotet blei innvilga, med mindre kommunen fastset ein kortare frist. Fristen kan forlengjast til fem år etter godkjenning frå kommunen.

4. Kvar søkjar eg?

Ein oppmodar om å bruke det elektroniske søknadsskjemaet frå Landbruksdirektoratet på www.landbruksdirektoratet.no under «Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)». Her finst også forskrift, rettleiingar og kommentarar.

Søknaden må vere komplett og med nødvendig dokumentasjon. Kommunen kan krevje meir dokumentasjon ved behov.

Søknadsfrist: 15. mars

Ein kan søkje etter fristen, men søknader innan frist blir prioriterte. Søknader etter frist blir behandla dersom kommunen har midlar igjen.

5. Om SMIL-midlar i Stranda kommune

Status og utfordringar i landbruket

Landbruket er prega av strukturendringar med færre og større driftseiningar. Talet på søknader om produksjonstilskot har gått ned over tid. Mange bruk har fått ein betydeleg auke i leigd areal. Det er ein tendens til at eigen jord blir stelt meir omsorgsfullt enn leigejord.

Stranda har mykje tungdrive jordbruksareal, både i bratte område og i dalføra. Store utmarksareal er i ferd med å gro att, mellom anna som følgje av redusert beitetrykk. Nedlagde bruk fører òg til dårlegare vedlikehald av gjerder og bygningar, noko som skapar utfordringar for aktive bruk som vil nytte utmarksbeite. I utmark ligg det framleis mykje gamal piggtråd som kan vere til skade for både folk og dyr.

Alt dette bidreg til attgroing av jordbrukslandskapet, tap av biologisk mangfald og forringing av kulturminne. Samstundes aukar behovet for hydrotekniske tiltak, som følgje av tyngre maskiner og meir intense og hyppige nedbørsmengder.

Målsetting for bruk av midlane i Stranda kommune

Dei viktigaste lokale miljøutfordringane framover er å halde ved like det opne kulturlandskapet og å skjytte dei særskilde natur- og kulturminneverdiane i området. Eit aktivt landbruk er difor den viktigaste garantien for at Stranda kommune også i framtida skal ha eit ope kulturlandskap med slike verdiar.

Stranda kommune ønskjer å bruke SMIL-midlar for å:

- støtte aktiv drift og auka jordbruksproduksjon
- motverke attgroing og tap av biologisk mangfald
- fremje beitebruk
- redusere erosjon og avrenning til vassdrag
- hindre ureining frå gjødsellager og rundballar
- restaurere verneverdige bygningar og kulturmiljø
- betre tilrettelegging for friluftsliv
- fjerne piggråd i inn- og utmark
- fremje samarbeid ved å støtte planleggings- og områdetiltak

Behov for midlar

Kommunane får kvart år tildelt ei økonomisk ramme frå Statsforvaltaren, basert på mellom anna tal aktive gardsbruk, landbrukseigedomar, areal i drift, innmeldt behov og aktivitets- og resultatnivå dei siste to åra. Etterspurnaden etter SMIL-midlar har lenge vore høg, og ordninga har bidrege til mange gode prosjekt. For å nå fleire har kommunen tidlegare redusert maksimal tilskotssats frå 70 % til om lag 35 %. Erfaring viser no at denne låge satsen gjer eigendelen for stor for mange, slik at tiltak ikkje blir sette i gang eller søkt om. Behovet for innleigd arbeidskraft har òg auka, noko som gjer gjennomføringa dyrare enn tidlegare, og det er venta at kostnadskrevjande tiltak som hydroteknikk og rundballelagring vil bli meir aktuelle framover.

Når midlane ikkje blir nytta, kan dei bli inndratte. For å unngå dette ønskjer kommunen å justere tilskotssatsane, slik at ordninga igjen blir meir attraktiv og fleire nødvendige tiltak kan gjennomførast.

6. Kva kan eg få midlar til?

Det kan givast støtte til miljøtiltak som styrkjer natur- og kulturminneverdiar eller reduserer forureining, når desse tiltaka går utover det som vanlegvis kan forventast i jordbruksdrifta. Kva som blir rekna som vanleg drift, må vurderast gjennom skjønn. Tiltak som handlar om å oppfylle lovpålagde krav for kulturlandskap eller forureining, blir sett på som ein del av ordinær drift og skal difor ikkje prioriterast for SMIL-tilskot.

Aktuelle tiltak og prioriteringar i perioden

I tabellen under er det gitt ei oversikt over dei tiltaka kommunen vil prioritere innanfor SMIL-ordninga i perioden. Støttesatsane er rettleiande og kan variere, avhengig av mellom anna tildelt ramme, tal og type søknader, kostnadsnivå og kommunale prioriteringar. Særlege satsingar i enkelte år (t.d. kampanjar) kan også påverke satsane.

Tema	Prioriterte søknader	Tilskot inntil
Biologisk mangfald	Istandsetjing av utvalde naturtypar og trua naturtypar t.d.: Slåttemark, slåttemyr, naturbeitemark. Det kan gis SMIL-tilskot til tiltak i ein overgangsperiode, då det gis RMP-tilskot til årleg stell av registrerte naturtypar. Skjøtsel av gamal kulturmark utan gjødsling t.d.: rydding og gjerding i samband med reetablering av innmarksbeite og gamal kulturmark. Det blir ikkje gitt tilskot til inngjerding av dyrka mark. Tiltak som fjernar eller reduserer framande artar Tiltak for pollinatorar Fjerning av piggtråd Fjerning av piggtråd som eit reint ryddearbeid, utan samtidig istandsetjing eller reetablering av beite, blir normalt ikkje rekna som eit SMIL-tiltak. Det kan givast støtte i særlege tilfelle og til dømes ved fellestiltak eller når eigar- og/eller ansvarsforhold er uavklarte. Dokumentasjonskrav: kart, før-/etterbilete og kvittering for innlevert vekt til godkjent mottak. Gjevast for minimum 20 m gjerde, pluss oppstartstilskot.	40 % 15 kr/m + 2000 kr
Kulturminne og -miljø	Steingardar/bakkemurar Vedlikehald og restaurering av etablerte gamle steingardar og bakkemurar. Restaurering av eldre bygningar Bygningar knytt til gardsdrift i inn- og utmark som stabbur, kvernhus, utmarksløer, smier, gamle matstover, seterbygningar og -miljø, naustmiljø, gamle buplassar, brønnar og liknande. Prioriteringa etter Kulturminneplan for Stranda kommune, historisk verdi, alder og sjeldanheit. Bygningar med stor allmenn tilgjenge og interesse blir prioriterte (våningshus er ikkje prioriterte)	40 %
Friluftsliv og tilgjenge	Tilrettelegging for ferdsel t.d.: rydding av gamle vegar, råser, bruer, klopper, vad. Tiltak som gir størst auke i tilgjenge for flest personar Tiltak i/ved jordbrukets kulturlandskap vert prioritert (utmark i mindre grad). Tiltak som reduserer konflikter mellom landbruk og allmenta (t.d. sjølvluukkande grunder, gjerdeklyv) blir prioritert.	40 %

Forureining - til vatn og luft	Hydrotekniske tiltak t.d.: reparasjon av øydelagde kummar og rørutløp, opning/renovering av lukka bekker, reparasjon av avskjeringsgrøfter, flaumsikring, plastring av mindre vassløp Tiltak mot avrenning frå gjødsel og rundballar t.d.: utvendig lagerplass for rundballar, tiltak for å redusere avrenning frå husdyrgjødsel i utekveer og samleplassar. Fangdam/våtmark Etablering av fangdam. (Hugs RMP-tilskot til årleg vedlikehald) Mindre utbetring av gjødsellager t.d.: tak på utelager, gjødselport. Større satsingar som involverer fleire grunneigarar t.d.: fangsammar, reinseanlegg, miljøplantingar	40 %
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	Felles- og områdetiltak Miljøprosjekt over større område, t.d. knytt til eit vassdrag, ei grend eller eit setermiljø. Tilrettelegging for naturopplevingar og ferdsel vert prioritert Tiltak som fremjar estetiske verdiar i kulturlandskapet Tiltak som kjem mange til gode vert prioritert	70 %

Rettleiande satsar for eige arbeid

Stranda kommune nyttar standardsatsar når kostnadsoverslag blir sett opp, for å sikre ei rettferdig og lik handsaming av søknader. Eigeninnsats skal dokumenterast med timelister som viser dato, arbeid som er utført og namn på den som har gjort arbeidet. Det skal ikkje reknast meirverdiavgift på eigeninnsats.

Satsane er samordna med tilsvarande satsar hos Innovasjon Norge, og blir justerte dersom desse endrar sine satsar i planperioden. Timesatsar for maskinbruk inkluderer drivstoff og olje.

Type arbeid	
Verdi per time eigeninnsats	400 kr
Verdi per time, eige arbeid med motorsag	435 kr
Verdi per time bruk av eigen traktor/ATV	650 kr
Verdi per time bruk av eigen gravemaskin med førar	800 kr

Kostnadstak

Rydding/skjøtsel/gjerding av gamal kulturmark og reetablering av beite: maks 3 500 kr per dekar.
Øvre tak per prosjekt: maks 200 000 kr.

7. Sakshandsaming

Kommunen behandlar søknaden, skriv vedtaksbrev og utbetaler tilskot via Agros. Brev blir sendt gjennom Altinn.

Søknadar vert vurderte etter regelverk og lokale prioriteringar.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna lovverk. Før tiltaket blir gjennomført, må søkjaren derfor sette seg inn i relevante lover og føresegner og søkje om dei nødvendige løyva, til dømes etter plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova og forureiningsforskrifta.

Vedtak kan klagast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Dersom kommunen manglar midlar, kan søknaden bli avslått, men søkjar kan velje å stå på venteliste til eventuell seinare tildeling.

Ved feil ordning blir søknaden avvist, og søkjar blir vist til rett ordning (døme: tilskot til tiltak i beiteområde, drenering, RMP).

8. Korleis får eg utbetalt tilskotet?

Tilskot blir ikkje utbetalt automatisk. Søkjar må sende inn utbetalingsoppmoding i Agros/Altinn (same løysing som ved søknaden). Det må dokumenterast at tiltaket er gjennomført, med bilete, fakturaer, timelister og rekneskap etter krav gitt i vedtaket.

9. Kvar finn eg meir informasjon?

Stranda kommune – Landbrukskontor: Jordbruk - Tilskottsordningar

Landbruksdirektoratet: Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Lovdata: Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket, Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket

Rettleiar til forskrift: Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket - kommentarer til regelverk